



Til Skyss

Postboks 7900

5020 BERGEN.

2-ferjeløysing i ferjesambandet Jondal – Tørvikbygd.

Generalforsamlinga for Jondalstunnelen AS har bede styret ta opp med Skyss og Statens vegvesen problemstillinga om 2-ferjeløysing i sambandet Jondal – Tørvikbygd.

Jondalstunnelen har hatt jamn og høg auke i trafikken i heile tida etter Jondalstunnelen opna i september i 2012. I 2015 passerte 179873 bilar gjennom tunnelen. Det gjev ein årstdøgntrafikk på 493 ÅDT som er 41 % over det som var stipulert trafikk for Jondalstunnelen i opningsåret. Trafikkauken i 2015 var på 15,8 % samanlikna med året før. Trafikkauken i Jondalstunnelen viser igjen i trafikkveksten på ferjesambandet Jondal – Tørvikbygd som i 2015 hadde ein trafikkvekst på 13,9 %. I 2015 frakta ferja mellom Jondal og Tørvikbygd 327318 personbileiningar over fjorden, og ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd er det nest største sambandet Norled driftar i Hordaland. Reknar ein frakta bilar på ein kjøl, er sambandet Jondal – Tørvikbygd desidert størst.

På grunnlag av fylgjande forhold ber styret for Jondalstunnelen AS Skyss vurdere på nytt ei 2-ferjeløysing i sambandet Jondal – Tørvikbygd:

- Trafikken gjennom Jondalstunnelen har auka meir og raskare enn det som var prognosen for Jondalstunnelen. Ruta Odda – Bergen via Jondalstunnelen har vist seg rask og lett å køyra og blir føretrekt. Løysinga med ei ferje i sambandet Jondal – Tørvikbygd har nådd si kapasitetsgrense. Det viser talet på gjenstående bilar. I 2015 er det registrert 2339 gjenstående bilar, hovudsakleg i sommarsesongen og i store utfartshelgar. I samband med Seljordmarknaden i september 2015 vart det sett inn ei ekstra ferje i sambandet sundagen då markadsdeltakarane skulle heim att. Desse ferjene avvikla trafikken fint, og det kom svært positive tilbakemeldingar frå fornøgde trafikkantar. Ei minimumsløysing kan vera 2 ferjer i perioden 1. mai – 1. oktober. I samband med ny anbudsrunde må det takast høg for 2-ferjeløysing for kommande anbudsperiode.
- Sambandet Jondal – Tørvikbygd har ein høg andel store bilar, også bilar som fører farleg last. Bilar med farleg last som fører til redusert antal passasjerar skaper eit større problem i eit ferjesamband med 1 ferje enn eit samband med 2.

- Ferjesambandet Jondal – Tørvikbygd har stort sett ein avgang i timen i opningstida for sambandet. For dei reisande er det alltid viktig å nå den avgangen dei har tenkt seg. Å missa den betyr 1 time til neste avgang, og for dei fleste er det lang tid. Med ei 2-ferjeløysing vil ein kunna få ½-times avgang, og då vert jaget for å nå ein bestemt avgang mindre viktig, og me får mindre stressa sjåførar på vegen. ½-times avgangar vil også vera gunstig for knappe oppstillingsplassar både i Jondal og Tørvikbygd.
- Om Skyss vel å gå vidare med 1-ferjeløysing i sambandet Jondal – Tørvikbygd, vil det bli eit betydeleg avviklingsproblem av trafikken i sambandet dersom trafikken held fram å auka slik den har gjort til no. Som nemnt ovanfor er ferjeoppstillingsplassane i Jondal og Tørvikbygd knappe, og i høgtrafikksesongen vil lett situasjonar oppstå der bilar i ferjekø stiller opp på tilstøytande vegnett og skapa problem og irritasjon og farlege situasjonar oppstå.

Alt i alt meiner styret for Jondalstunnelen AS at det er tungtvegande argument for ei 2-ferjeløysing i sambandet Jondal – Tørvikbygd. Eit rakst og populært samband Odda – Bergen vil bli endå betre.

Jondal 27. januar 2016.



Svein K. Halleraker

Styreleiar



John Skogseth

Dagl. leiar Jondalstunnelen AS

Kopi:

Fylkesordføraren i Hordaland.

Fra: Rolf Rosenlund (Rolf.Rosenlund@hfk.no)

Sendt: 28.01.2016 14:50:52

Til: Folkevalde

Kopi: Håkon Rasmussen

Emne: Uttale frå om Jondalstunnelen AS om ferjeløysing Jondal-Tørvikbygd

Vedlegg: jonlar_2016-01-27_13-44-55.pdf

Hei

Kan det ta opp dette med FYRÅ og eventuelt få lagt det fram over bordet.

Rolf

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Målfrid Vik Sønstabø

Sendt: 27. januar 2016 18:44

Til: Håkon Rasmussen

Kopi: Rolf Rosenlund; Oddmund Sylta

Emne: VS: Uttale frå om Jondalstunnelen AS om ferjeløysing Jondal-Tørvikbygd

Viktighet: Høy

Se under - avsender ønsker at innholdet blir gjort kjent for fylkesutvalget før behandling av fergesaken fredag. Vurderer du hvordan denne tas videre?

Målfrid Vik Sønstabø

Leder avdeling Trafikktilbud

Skyss | Postboks 7900 | 5020 Bergen

Mob.: (+47) 916 53 176

skyss.no | www.facebook.com/skyss.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Larsgard, Jon [<mailto:Jon.Larsgard@jondal.kommune.no>]

Sendt: 27. januar 2016 13:53

Til: Målfrid Vik Sønstabø

Emne: VS: Uttale frå om Jondalstunnelen AS om ferjeløysing Jondal-Tørvikbygd

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Larsgard, Jon

Sendt: 27. januar 2016 13:50

Til: 'Oddmund.Sylta@skyss.no' <Oddmund.Sylta@skyss.no>

Emne: Uttale frå om Jondalstunnelen AS om ferjeløysing Jondal-Tørvikbygd

Hei,

Sender over denne uttalen frå Jondalstunnelen AS. Dei ønskjer at innhaldet vert gjort kjend til fylkesutvalet før handsaminga av saka om ny anbodsrunde for ferjetrafikken i området.

Mvh

Jon Larsgard

ordfører Jondal kommune